



Styrebordet under båtlagsårsmøtet. Leiar Trond L. Myklebust nærmast til venstre.(Foto: Thor Inge Døssland)

**Det vart attval over heile linja då båtlaget hadde årsmøte i Gamleskulen måndag kveld. Før ein kom til valet, hadde ein vore gjennom vanlege årsmøtesaker som årsmelding og rekneskap i tillegg til andre saker som m.a. vedtektsendringar.**

Dei 19 frammøtte medlemene fekk lagt fram rekneskap og årsmelding som avspegla god drift av laget. På utgiftssida vart det mellom anna peika på at vassavgifta var urimeleg høg i forhold til eit lite forbruk. Ja, det vart sagt at dette måtte vere bygdas dyraste vatn.

Det har vore gjort mykje godt dugnadsarbeid, og Kåre K. Rød har gjort ein god jobb som hamnevert medan Jan Henrik Hansen har hatt ansvaret for plenklippinga med traktoren til Uskedalen Eigedom. Kåre skal denne sommaren ut på seilas, og dermed må ein finne ei anna løysing på hamnevertoppgåva. Styret og årsmøtet hadde tankar om korleis dette kunne løysast, og vi kjem tilbake til dette som eiga sak.



Det er gjort mykje godt dugnadsarbeid i hamna.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Den indre flytebyggja er i så dårleg forfatning at det må gjerast noko dette året. Årsmøtet gav styret fullmakt til å investere i ny flytebrygge innanfor dei rammer som årsmøtet fastsette.

Ei anna viktig sak var justering av vedtektene. Hovudtanken bak desse endringane var å gjere drifta enklare for dei som sit i styret, og dermed i neste omgang gjere det enklare å få medlemmene til å ta på seg oppgåver. Eit av tiltaka er at ein går vekk frå kasserar i tradisjonell forstand. Heretter kjem ein til å leige eit rekneskapselskap til å stå for rekneskapsføringa. Dermed er det heller ikkje behov for dei valde revisorane.

Det vart også gjort andre vedtektsjusteringar. I det store og heile fekk styret tilslutnad til sitt framlegg, etter at ein gjennom meiningsutvekslingar på årsmøtet gjorde mindre justeringar.

Dei medlemmene som har sendt epost-adressa si til Uskedal båtlag, vil få tilsendt dei nyjusterte vedtektene. Dei får og sendt årsmøtereferatet. **Derfor ei oppfordring: send email-adressa til [uskedalbatlag@hotmail.no](mailto:uskedalbatlag@hotmail.no) dersom du ikkje alt har gjort det.** Den må dei ha for å få sendt ut viktig informasjon.

Som tidlegare nemnt var valget prega av attval. Trond L. Myklebust held fram som leiar(2år). Styret er samansett av: JohanSunde(1 år), Gunnar Leite (2 år), Espen Eik(ikkje på val, 1 år igjen), Jan Henrik Hansen (2 år). Vara er: Johannes Hjørnevang (2 år) og Kåre K. Rød (ikkje på val, 1 år igjen). Valnemnda vart også attvald. Det er Øystein Koløy og Leif Jarle Bergstø.





Dei to båthamnene ligg vakkert side om side og utfyller kvarandre godt.(Foto: Egil Høgemark)  
Tekst og NETT: Thor Inge Døssland.